



Av grunnar som ikkje vi tør å spå om har ikkje besøket på Cafe TI-aren vore det heilt store no midtvinters,

Til dømes har 23 vaksne og 4 barn vore innom denne tysdagen.

Hvis ein går vel ein månad attende var det 26 vaksne og 4 barn på kafeen 9. februar, medan det auka til 27 vaksne og 7 barn ei veke seinare,

Statistikken fortel vidare at det var 18 vaksne og 6 barn tysdag 23. februar, medan det auka til 23 vaksne og 5 barn for ei veke sidan. Men det bør også koma med i rekneskapan at det var strikkekafe om kvelden 24. februar og då kom det over 30.

Omsetnaden har variert mellom 550 og 960 kroner i den seinare tid og det er ikkje dårleg når ein tenkjer påat maksimalprisen på produkta framleis er berre 10 kroner!

Biletet over vart teke i føremiddag og her er det både faastbuande og feriegjester som kosar seg på TI-aren.

(Foto: Ola Matti Mathisen)